



Edith Johannessen Hauge
Mykingvegen 531 B
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/272 - 19/12428

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
16.04.2019

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 29/3 Hauge (Dalsgrend)

Tiltak: deling av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 29/3 Mykingvegen 761
Tiltakshavar: Svenn Hauge

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 29.01.2019 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 19.02.19. Meldinga har framleis manglar og vert ikkje registrert før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

Punkt 2, 3 og 5 i mangelbrevet datert 19.02.19 vurderast som avklart i forbindelse med motteke tilleggsinformasjon. Vi forstår no at søknaden gjeld frådelling av areal til 1 ny teig som skal frådelast til Edith Hauge.

Når det gjeld punkt 1 forstår vi at du har ein privatrettsleg avtale om din rett til dette arealet. I forhold til krava i plan og bygningslova for søknad er det naudsynt at grunneigar Sven Hauge anten må signere sjølve delingssøknaden eller sende inn ein fullmakt som han har signert om at du kan søke om dette på vegne av han.

Når det gjeld punkt 4 ser vi at du har sendt nabovarsel til dei andre partane, men vi saknar kvittering frå posten på oversendinga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.05.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsinkelsar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svenn Hauge

Mykingvegen 761 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Edith Johannessen Hauge

Mykingvegen 531 5913
B

EIKANGERVÅG